

ÅRSMELDING 2020

Klivrelaget



Styret 2020/2021

Leiar:	Tobias Hatløy
Nestleiar:	Jim Thorbjørnsen
Styremedlemmar:	Lisbeth Longva, Rakel Elingsen, Mateo Souto, Jan Einar Hovden, Connie Sand
Varamedlemmar:	(ingen vara da alle blei innlemma i styret)
Revisorar:	...
Valkomite:	Leif G Brandal
Kontrollkomite	Oda Røyseth

Styret sine aktivitetar

Det har vore mange saker å ta fatt i etter årsmøte i 2020. Styret har jobba med dei fleste av elementa og har etter litt tid kome godt i mål med mange av dei. Vi har holdt styremøter omlag kvar 3 månad og kommunisert ein heil del via internett underveis for å ta tak i saker som dukker opp.

STYRET

Nytt styre vart kontinuert etter årsmøte i 2020. Tobias Hatløy byrja då som leiar, og Jim Torbjørnsen gjekk inn som nestleiar. Rakel Ellingsen fortsatte som kasserer. Meda Lisbeth Longva, Mateo Souto, Jan Einar Hovden og Connie Sand sitter i styret med følgende roller.

Booking og vakter	Lisbeth
Medlemsansvarlig	Jan Einar
Eventer	Connie Sand
MEDIA/juniorklatring	Mateo

DRIFT AV KLATREVEGGEN PÅ ULSTEIN ARENA

Det er kjøpt inn klatretak for mange tusen og mange fleire er på vei. Vi har investert i ny autobelay grunna populariteten. Crack Volumes er på vei i posten. Buldreveggen har blitt bygd om slik at det no er meir plass til ruter og fallpotensialet til hylla er minska.

Proessen med å utvide åpningstida er underveis. Vi er i vente på prisforslag frå kommune for å kunne halde hallen åpen for medlemmar 06:00 -24:00. Det vil vere eit løft for når det går ann å klatre. Kommune jobbar treigt, men vi håper det går framover i prosessen.

TILTAK FOR Å AUKE DELTAKELSEN PÅ UTEKLATRINGA

Vi har etablert ein sekk med utstyr til utlån for medlemmar. Denne blir lansert våren 2021 i forkant av utesesongen. Vi har laga til ei «kompisordning» der folk kan kontakte personar i

klubben med lang erfaring for å bli vist rundt på utefelta. Dette blir lansert våren 2021, men ligger allereie ute på nettsida.

I tillegg er det tiltenkt å arrangere utekurs i April/Mai. Slik at folk kan få prøve ut uteklatringa med røynde personar. Tanken er også at fellesklatringane blir holdt ute så fremt det er vær for det i sommarhalvåret. Der ein velger eitt felt kva månad. Type begynner med Dimna i April og benytter seg av dei ulike felte i nærleiken.

DUGNADEN 2020

Vi fekk gjennomført den i god stil i november. Alle taka blei tatt ned, veggen og klatretak blei vaska, festepunkt til veggen og alle hengarane blei sjekka. Årets ruteskruar var Øystein Dahl. Sluttresultatet blei eit ruteutvalg som dekkja behovet til dei fleste klatrarane, men dei sterkaste fekk nok ikkje mange nok utfordringar i denne omgang. Det vart difor lagt inn litt påfyll i etterkant. Samt er det avgjort at vi skal fylle på 2-3 gangar gjennom året utanom dugnaden for å halde hallen attraktiv. Vi leiger då inn lokale ruteskruarar. I mellomtida er det stadig fleire i klubben som skur ruter av spennande sort så ein må satse også på interne framover.

NETTSIDE

Er stadig under oppdatering og her ønsker ein å formidle prisar, åpningstider, klubbinformasjon, klatrefelt og svar på vanlege spørsmål. Aktivitet i klubben forsøker vi å publisere gjennom Facebook og Instagram. Trenger at klubbmedlemmar sender inn bilde så det blir meir aktivitet på gruppene.

SILOEN PÅ OSNES

Det blir gjennomført ein minidugnad i Siloen ila Februar/Mars. Her blir alle tak skrudd ned. Noko av veggen blir mala og vi rydder opp i gammalt skrot. Tak som vi har til overs frå Ulstein Arena blir brukt her. Veggen er attraktiv for kursing, barn og sterke buldrarar. Moonboardet er aktivt i bruk gjennom vintermånadane og blir stadig oppdatert med nye tak.

Vi bytter lås her ila Februar 2021.

BOLTING PÅ UTEFELTA

Dimna har fått mange nye bolteruter. Roppehornet har fått fleire nye ruter og fleire blir det ila 2021. Tore Lundberg er aktiv i ytre strøk og har fått lagt inn fleire nye ruter på Blåfjellet og andre felt i nærområdet.

Det er tiltenkt å satse på Mulevika, Roppehornet, Korsneset, Trollhetta og Gåsneset ila 2021. Kanskje bør vi også kike litt på Vetten og Kjerringa også i dei komande åra. Her er rutepotensielle av lengre sort. Det blir då viktig å avtale med grunneigar før ein begynner på slikt. Det finst også eit felt ved Kleven som har fint potensielle. Vi er i samtale med grunneigar der.

KLUBBAKTIVIET

Det er gjennomført mindre brattkortkurs ila 2020, men vi satser på å holde kurs januar/februar og september/oktober etter terminlista framover.

Aktiviteten på klubb-, dame- og juniorklatringa har gått litt ned. Sannsynlegvis pga nedstenging i fleire omgangar. Satsar på det blir betre ilar 2021.

Har ikkje fått arrangert noko klubbkvelder enda, men det er på planen.

NKF

Klubben er medlem av NKF frå august 2017. Klubben er dermed blitt ein del av det store organiserte klatre- og idrettsmiljøet i Norge. Dette medfører gode fordelar men også nokre forpliktelsar med tanke på drift at klubben. Vi erkjenner at klivrelaget kan få eit betre HMS system. Denne jobben må ein ta tak i løpet av 2021.

Vi er i samtale for å arrangere dei kursa vi ikkje har kompetanse til å gjennomføre med egne ressursar. Målet er å få til uteklatringkurs, kilekurs og kammeratredningkurs.

COVID 19

Har vore ein begrensande faktor gjennom 2020 og vil forsette inn i 2021. Vi har fått holde hallen åpen mesteparten av tida. Det er mandagsklatringa for ungane som har lidd mest. Generelle er aktivitet lav i hallen om dagen. Så vi gler oss til at restriksjonane er over og at vi kan arrangere ting på normalt vis. Enn så lenge åpner så mykje vi har løyve til.

MEDLEMSTALL

Antalla medlemmar 2021 196

Kvinner	87
Menn	109
Barn	60 (31 gutar og 29 jenter)

ØKONOMI

Økonomien går godt. Vi har kjøpt inn etter beste evne, men gjekk likevel i pluss grunna leigeinntekter frå skulane i området. Vi planlegger med å minske overskuddet ilar 2021 da vi har godt med pengar på konto. Ønsket er å sette av ein del av desse til eventuell bygging av vegg på eine vinduseksjonen på Ulstein Arena.